

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 23.03.2022

**Stian Davies (A)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

"Tillegg, nytt punkt 2

Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.»

### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til konservering, sikring m.m. av mellomalderruinar slik:

Søknad nr	Søklar	Prosjektnamn	Tilskot 2022	Tilsagn 2023
1	Stad kommune	Selje kloster og helgenanlegg	2 125 500	100 000
2	Bjørnafjorden kommune	Lyse kloster	1 050 000	100 000
3	Sunnhordland museum	Halsnøy kloster	1 824 500	100 000
Sum			5 000 000	

2. Hovudutvalet ber administrasjonen komme tilbake med ei sak der framtidige tildelingar vert delegert til administrasjonen. Hovudutvalet vedtar retningslinjer, uttaler eller andre endringar. Tildelingsvedtaket vert lagt ved som RS til utvalet.